

SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 064/19 | Formannskapet | PS | 28.08.2019 |
| 057/19 | Heradsstyret | PS | 25.09.2019 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|----------------|------------|
| Grete Birkelid | 16/47 |

Vedtak av Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 - 2023

Vedlegg:

Vedteke versjon 14.08.2019 - Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 - 2023

Fråsegn til 1 gongs høyring og offentlig ettersyn - Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 - 2023

Merknad frivilligpoliikk

Uttale - Offentleg ettersyn - Osterøy - frivilligpolitikk 2019 - 2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 – 2023 dagsett 14.08.2019 vert vedteke slik den ligg føre.

Formannskapet - 064/19

FS - behandling:

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

FS - vedtak:

Formannskapet si innstilling:

"Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 – 2023 dagsett 14.08.2019 vert vedteke slik den ligg føre."

Heradsstyret - 057/19

HS - behandling:

AVRØYSTING

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

HS - vedtak:

"Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 – 2023 dagsett 14.08.2019 vert vedteke slik den ligg føre."

føre."

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I 2015 utlyste Hordaland fylkeskommune midlar til utvikling av frivilligpolitikk i kommunane, og Osterøy kommune søkte og fekk tilskot. Det vart i 2017 utarbeidd eit prosjektmandat som skildra bakgrunn, føremål, rammevilkår, organisering og budsjett.

Rådmannen si leiargruppe har fungert som styringsgruppe for arbeidet, der rådmannen er prosjekteigar og frivilligkoordinator prosjektleiar.

Heradsstyret i Osterøy kommune gjorde 22. februar 2017 eit vedtak om å opprette politisk arbeidsgruppe som har kome med innspel i vegvala i utarbeidinga av frivilligpolitikken.

Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 – 2023 vart lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i 6 veker etter vedtak i heradsstyret 19.06.2019. Det er komne inn tre merknadar under høyringsperioden. Ein frå frivillig organisasjon i kommunen og to frå offentlege myndigheiter.

Haus Grendaråd:

1. *Det er ønskeleg med openheit / samarbeid mellom sektorane. Om / når lag & organisasjonar vender seg til kommunen med spørsmål / sak, bør det vera råd å ta direkte kontakt. Då er det viktig å bli møtt med openheit, og at vedkomande som får spørs-mål, men kanskje ikkje kan svara, vender seg til "rette ved-komande", som kanskje høyrer til annan sektor.*

2. *Ha ein Kontaktperson for frivillig sektor i kommunen.*

3. *Kommunal pott med midlar som organisasjonar kan søkja på; Ar-beide inn i budsjettet.*

4. Forenkle / utvikle enkle søknads- og rapporteringsskjema til kommunen ved tilskot.

Rådmannen sin kommentar: Merknad nummer 1 er teken til vitande. Merknad nummer 2 -4 ligg i forslag til tiltak på side 17 i dokumentet.

Hordaland Fylkeskommune:

Hordaland fylkeskommune utlyste i 2015 midlar til utvikling av kommunal frivillighetspolitikk på bakgrunn av statlege føringar som mellom anna Meld.St nr.39 og Frivillighetserklæringa.

Osterøy kommune fekk midlar i 2015 til arbeidet med å utvikle ein heil-skapleg og tverrsektoriell kommunal frivillighetspolitikk.

Osterøy kommune viser gjennom dette dokumentet at frivillighet er ein viktig ressurs i kommunen. Gjennom ein Frivillighetspolitikk legg Osterøy kommune til rette for eit forpliktande samarbeid mellom kommune og frivillig sektor. Dette kan utløyse viktige synergier som gode lokalmiljø som hindrar einsemd og utstøying, og aukar livskvalitet hos innbyggara-ne. Dette er viktige målsetningar i arbeidet med å redusere sosial ulikhet og auke medverknad.

Hordaland fylkeskommune ønsker lykke til med iverksetting av planen og dette viktige arbeidet.

Rådmannen sin kommentar: Tekn til vitande.

Fylkesmannen i Vestland:

*Fylkesmannen viser til offentlig ettersyn av frivilligpolitikk 2019-2023. Vi er positiv til planen og har
elles ingen merknader til saka.*

Rådmannen sin kommentar: Teken til vitande.

Vurdering

Ingen av merknadane var slik at rådmannen finn grunn til å endre Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 – 2023.

Konklusjon

Rådmannen vurderer at Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 - 2023 er

slik den vart lagt ut på offentlig ettersyn og høyring. Rådmannen vurderer difor at Frivilligpolitikk i Osterøy kommune 2019 – 2023 er klar til å vedtakast og rår formannskapet til å rå

Heradsstyret til å vedta den slik den ligg føre.